



MØTEBOK

Høyring - forslag om endring av lov om flagging på kommunale offentlege bygg

Utval sak	Utval	Møtedato
75/20	Formannskapet	16.09.2020

Vedlegg:

- 1 Høring av forslag om endring av lov om flagging på kommunes offentlige bygninger
- 2 Høringsnotat 03.07.2020

Bakgrunn:

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) sendte 03.07.20 ut *Høring om forslag til endring av lov om flagging på kommunenes offentlige bygninger*.

Eksisterende lov vart vedtatt i 1933, og ein av intensjonane med lova er:

Flagging på eller fra kommunens offentlige bygninger, eiendommer og kommunale institusjoner er regulert i lov om flagging på kommunenes offentlige bygninger. Loven trådte i kraft i 1933. Formålet var å forhindre at kommunale bygninger ble brukt til politiske markeringer, og at offentlig flagging i større grad skulle være samlende for kommunens innbyggere.

Dette er ei sak som er av prinsipiell karakter og har aktualitet også i Fitjar kommune, og kommunen vil difor gje høyringsuttale.

Høyringsfrist er: 31.08.20.

Rådmannen sender høyringsfråsegn innan høyringsfristen, men vi tek atterhald om politisk handsaming i formannskapet 16.09.20. Endeleg vedtak vil då verta ettersendt til KMD.

KMD legg fram forslag til fire alternativ til lovendring. Kursiv skrift er henta frå KMD sitt høyringsdokument.

Alternativ A

Kommunenes adgang til å benytte andre flagg enn det norske flagget, det samiske flagget, kommuneflagget eller fylkesflagget utvides slik at andre flagg kan brukes i forbindelse med arrangement, markering eller merkedag av allmenn interesse. Vilåret om at arrangementet må ha tilknytning til bygget det flagges fra tas bort.

Dette alternativet foreslår det at hovedregelen om at det kun skal flagges med det norske flagget, det samiske flagget, kommuneflagget eller fylkesflagget videreføres, men at unntaket om bruk av andre flagg utvides. Departementet foreslår at kommunenes mulighet til å bruke andre flagg ikke lenger kun skal være avgrenset til arrangementer, eller begrenset til bygninger med tilhørende grunn hvor arrangementet finner sted. Forslaget innebærer at unntaksbestemmelsen utvides slik at andre flagg kan brukes i forbindelse med arrangement, markering eller merkedag av allmenn interesse.

Alternativ B

Bestemmelsene i lov om flagging på kommunenes offentlige bygninger oppheves med unntak av hjemmelen for å kunne gi forskrift om bruk av andre lands flagg fra kommunale bygning.

Forslaget innebærer at reguleringen av hvilke flagg kommunen kan flagge med fra kommunale bygg, oppheves. Det vil være opp til kommunen å beslutte flagging fra kommunale bygninger med andre flagg uavhengig av om det er merkedag, arrangement eller vanlig virkedag.

Alternativ C

Lov om flagging på kommunenes offentlige bygninger oppheves i sin helhet.

Forslaget i alternativ C innebærer at lov om flagging på kommunenes offentlige bygninger oppheves i sin helhet. Kommunene gis dermed et langt større handlingsrom til selv å beslutte bruk av flagg fra kommunale bygninger enn etter gjeldende rett. Sammenlignet med alternativ A og B, innebærer alternativ C en mer omfattende endring.

Alternativ D

Videreføring av gjeldende lov om flagging på kommunenes offentlige bygninger uten endringer.

Gjeldende regulering bidrar til å sikre en enhetlig flaggpraksis i kommunene. Flagging fra offentlige bygninger er en markering av offentlig myndighet, og i så måte vil det kunne være mer samlande for befolkningen at det som hovedregel er det norske flagget, det samiske flagget, kommuneflagget eller fylkesflagget som skal brukes ved flagging fra kommunens bygninger.

Videreføring av gjeldende rett uten endringer, innebærer imidlertid også videreføring av detaljerte krav i regelverket som er en begrensning av det kommunale selvstyre. Lov om flagging på kommunenes offentlige bygninger inneholder unntaksbestemmelser som gir kommunene mulighet til å kunne bruke andre flagg i forbindelse med idretts-, kultur- og lignende arrangement med allmenn interesse. Unntak gjelder også for flagging fra frittstående kommunale flaggstenger på torg, bruer, plasser eller lignende. Departementet har inntrykk av at de kommunene som ønsker det, i praksis stort sett får til å gjennomføre flagging i tråd med regelverket

Vurdering:

Hovudargumentet for å endra lova, og gjera avgjerd om flagging frå kommunale bygg til ei meir eller mindre rein kommunal avgjerd, er knytt til det kommunale sjølvstyret. Det kommunale sjølvstyret er grunnlovsfesta i revidert Grunnlov 2014.

Argumentasjonen mot, er grader av sjølvstyre i dei ulike forslaga til lovendring, og auka variasjon og ulikskap i praktiseringa av flagging frå kommunale bygg.

Rådmannen si vurdering er at flagging frå kommunale bygg, og rådhuset særskilt, er eit sterkt symbol, ei markering av det offentlege – fellesskap, myndighetsutøvelse, folkestyre. Dei flagga som symboliserer dette i dagens lov er det norske flagget, det samiske flagget og kommuneflagget.

Det er unntaksbestemmingar i gjeldane lov som gje kommunane mulighet til å kunne bruke andre flagg i forbindelse med idretts-, kultur- og lignende arrangement av allmen interesse. Dette er ei kommunal avgjerd.

Dersom ein opnar heilt opp for all flagging frå kommunale bygg, vert det særskilt krevjande å setja grenser lokalt. Det kan variere mellom styrken til særskilte saker, varierende politisk samansetning i ulike valperiodar, eller ein generell liberal haldning til flagging frå kommunale bygg.

I kommunen foregår myndighetsutøvelse og symboler til flagga ved kommunale bygg bør symbolisere det som foregår i desse bygga – særleg i rådhuset. Ein kan sjølvstøtt argumentere med at legitimiteten til kommunen krev at den over tid fangar opp

endringar og staumar i befolkningen og at dette kjem til uttrykk. Dette er særskilt viktig som ein del av det demokratiske ordskiftet både lokalt og nasjonalt, og at det pregar politikkutviklinga. Men dette bør skje i dei demokratisk valde organa, og ikkje på flaggstengene.

Fitjar kommune meiner at er særskilt viktig i ei tid med aukande motsetnader i mange demokratiske land at dei offentlege (og her kommunale) styresmaktene sine bygg og symbol for lokal myndighet vert oppretthaldne som samlande, der ein som i dag kan nytta det norske flagget, det samiske flagget eller kommuneflagget på kommunen sine flaggstenger.

Vi er samd i dagens unntaksmulighet, og at det er opp til ei lokal politisk avgjerd å ta stilling til bruk av andre flagg med arrangementsmessig tilknytning til staden.

Formannskapet i Fitjar nytta denne unntaksmuligheten då søknaden frå Storapride om flagging på rådhuset vart handsama med positivt vedtak i sak xxx

Vi meiner at å opna for utvida unntak og kun lokale forskrifter vil bidra til meirarbeid og byråkratisering kring flagglova.

Fitjar kommune rår til at det ikkje vert vedtatt endringar i dagens Lov om flagging på kommunale bygg. Alternativ D

Framlegg til vedtak:

Fitjar kommune rår til at det ikkje vert vedtatt endringar i dagens «Lov om flagging på kommunenes offentlige bygninger». Alternativ D

Fitjar kommune meiner at er særskilt viktig i ei tid med aukande motsetnader i mange demokratiske land at dei offentlege (og her kommunale) styresmaktene sine bygg og symbol for lokal myndighet vert oppretthaldne som samlande, der ein som i dag kan nytta det norske flagget, det samiske flagget eller kommuneflagget på kommunen sine flaggstenger.

Vi er samd i dagens unntaksmulighet, og at det er ei lokal politisk avgjerd å ta stilling til bruk av andre flagg med arrangementsmessig tilknytning til staden.

Behandling i Formannskapet - 16.09.2020:

Vedtak: (Samrøystes)

Fitjar kommune rår til at det ikkje vert vedtatt endringar i dagens «Lov om flagging på kommunenes offentlige bygninger». Alternativ D

Fitjar kommune meiner at er særskilt viktig i ei tid med aukande motsetnader i mange demokratiske land at dei offentlege (og her kommunale) styresmaktene sine bygg og symbol for lokal myndighet vert oppretthaldne som samlande, der ein som i dag kan nytta det norske flagget, det samiske flagget eller kommuneflagget på kommunen sine flaggstenger.

Vi er samd i dagens unntaksmulighet, og at det er ei lokal politisk avgjerd å ta stilling til bruk av andre flagg med arrangementsmessig tilknytning til staden.

Olaug Haugen
Rådmann

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.